

Forslag til Arbeidsplan for Troms Nei til EU 2022 – 2023

Troms Nei til EU vil arbeida for at Noreg ikkje blir medlem av EU og at Noreg erstattar EØS-avtalen med ein tosidig Handelsavtale med EU og med denne Handelsavtalen i ryggen utvikla eit fruktbart samarbeid med EU på det økonomiske, kulturelle, utdanning – og forskningsmessige området til gjensidig glede og nytte.

Troms Nei til EU vil kjempe for demokrati og sjølvråderett. Me vil særleg leggja vekt på Grunnlova si vern om norsk suverenitet. Reglane i Grunnlova som gjeld suverenitetsavståing må fylgjast.

Kva skal me gjera for å oppnå dette?

1. Arbeida for å få flest moglege medlemmer av Troms Nei til EU.

Korleis gjer me det ?

2. Ved ulike former for verveaksjonar.
3. Kunnskapsspreiing gjennom facebook, avisinnlegg og opne møter
4. Etablere nær kontakt med nye medlemmer(fysiske samkomer, sosialt med tematisk foredrag)

Ta kontakt med naturlege samarbeidspartnarar og freista på å få til eit kontinuerleg fellesskap /samarbeid.

5. Fagrørsla: Fagforbundet
Fellesforbundet
+ andre fagforbund
Småbrukarlaget
Bondelaget
Politiske parti: Raudt, Sp, SV og MDG
Kvinnepolitiske grupper
Miljørørsla

Etablere nærare kontakt med lokale lag av Troms Nei til EU og freista å oppretthalda denne kontakten

Spreie kunnskap- informasjon om:

ACER og energipakke 3+4

JARNBANEPAKKE 3

Kommersialisering og privatisering av offentleg sektor

Press på Fagorganisering – faglege og sosiale rettigheter

Troms Nei til EU vil poengtera kor viktig det er å arbeida for samhald og solidaritet mellom folk og land i heile verda. Internasjonalt samarbeid mellom sjølvstendige statar er ein føresetnad for ein solidarisk verdsorden. Verda er større enn EU.

Troms Nei til EU ynskjer å markera at det i år er 50-års jubiléum for at fleirtalet av det norske folk røysta Nei til medlemskap i EU.

Medlemskontakt – medlemsmøter:

Det er viktig å engasjera og inspirera medlemmene av Troms Nei til EU i arbeidet for framleis Nei til EU-medlemskap og erstatta EØS-avtalen med ei reforhandla utgåve av den gamle to-sidige Handelsavtalen Noreg har med EU. Denne er ikkje sagt opp av nokon av partane, verken av EU eller av Noreg.

Troms Nei til EU vil og freista å arrangera jamnlege TEMA-møter med innleiingsforedrag – med spørsmål/diskusjon i etterkant.

I tillegg er det viktig å leggja opp til sosialt samvær og bevertning.

DEMOKRATI og SAMHALDSNOREG